

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 145, TI - &37	16/1375

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
70/2016	Formannskapet	PS	31.08.2016
73/2016	Kommunestyret	PS	21.09.2016

Økonomiplan 2017-2020

Vedlegg:

Økonomiplan 2017 - 2020 Meland kommune - per 22. aug 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune sitt årshjul inneber at vi i juni skal legge fram økonomiplan til handsaming i god tid før det detaljerte budsjettarbeidet på hausten skal starte opp. Økonomiplanen gjev då retning og rammer for budsjettarbeidet, og det vert anledning til ein politisk diskusjon og vedtak om kva prioriteringar som ein ynskjer skal leggjast til grunn når ein utarbeider budsjettet.

Rådmannen presenterte økonomiplanen som ei drøftingssak for formannskapet 1. juni i sak 60/2016 som følgje at ein ikkje rakk å gjere ferdig planen for handsaming. Det vart samstundes varsla at ein kom tilbake med ny sak etter sommarferien, slik ein no gjer.

I økonomiplanen skal ein trekke opp eit langsiktig perspektiv og vurdere dei langsiktige utviklingstrekk som må leggjast til grunn for dei økonomiske prioriteringane som kommunen må gjere. For Meland som vekstkommune er dette spesielt viktig. I det vedlagte framlegg til økonomiplan for perioden 2017 – 2020 ser vi at kommunen har særlege utfordringar i forhold til å snu ein utvikling med stor utgiftauke kombinert med reduksjon i inntekter, mellom anna som følgje av endringar i inntektssystemet. Samstundes har vi ikkje full oversikt over kva den kommande kommunesamanslåingsprosessen vil ha å seie for kommunen sin økonomi fram mot samanslåing 1. januar 2020.

Økonomiplanen tek omsyn til dei signala som kom i kommuneproposisjonen i mai I år, der det vert lagt føringar på korleis regjeringa legg opp til at kommuneøkonomien skal vere dei neste åra. Vi har deretter fokusert på å dokumentere forventa folketalsutvikling. Denne legg grunnlag for å berekne framtidig inntektsgrunnlag for kommunen, og seier noko om på kva område kommunen må prioritere tenesteutvikling og nye tiltak.

Forøvrig viser rådmann til det vedlagte økonomiplandokumentet for ytterlegare kommentarar til den økonomiske utviklinga og dei vurderingar og prioriteringar som er gjort.

I økonomiplanen kapittel 6 gjennomgår vi inntektsføresetnadane og dermed moglege rammer for

drifta som vi meiner det er realistisk å rekne med i økonomiplanperioden, og som dannar grunnlaget for dei prioriteringar som rådmannen må gjere i det vidare arbeidet med budsjettet for 2017.

Rådmannen vil saman med budsjettet for 2017 leggje fram eit oppdatert økonomiplandokument der vi tek inn endringar som kjem i statsbudsjettet når endelege inntekter for 2017 kan bereknast og kommuneøkonomiopplegget for 2017 er endeleg fastsett. Ein vil og utgreie nærare dei utfordringar som kjem fram i det vedlagte økonomiplandokumentet.

Vurdering

Økonomiplanen har konsekvensar for både folkehelse, miljø og økonomi. Disse forhold er utreda i det vedlagte økonomiplandokumentet.

Konklusjon

Basert på vurderingane som er gjort i økonomiplanarbeidet har ein i vedlagte økonomiplan konkludert med følgjande årlege inntekts- og utgiftsrammer (talet for 2016 er ei prognose):

År (tall i mill kr)	2016	2017	2018	2019	2020
Ramme netto inntekter/finans	422,7	426,6	439,2	453,1	467,9
Utgiftsramme tenesteområda:	421,7	426,6	434,8	448,6	463,2
Avsetn. til fond (overskot):	1,0	0	4,4	4,5	4,7

Sum auke i utgiftsramme
i forhold til 2016:

	4,9	13,1	26,9	41,5
--	-----	------	------	------

Tala er i faste prisar, og det er ikkje lagt inn auke for løns- og prisvekst

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner vedlagte økonomiplandokument med følgjande økonomiske rammer for perioden 2017 – 2020 (talet for 2016 er ei prognose):

År (tall i mill. kr)	2016	2017	2018	2019	2020
Ramme netto inntekter/finans	422,7	426,6	439,2	453,1	467,9
Utgiftsramme tenesteområda:	421,7	426,6	434,8	448,6	463,2
Avsetn. til fond (overskot):	1,0	0	4,4	4,5	4,7

Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Kommuneleva § 44.»

Formannskapet - 70/2016

FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

FS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner vedlagte økonomiplandokument med følgjande økonomiske rammer for perioden 2017 – 2020 (talet for 2016 er ei prognose):

År (tall i mill. kr)	2016	2017	2018	2019	2020
Ramme netto inntekter/finans	422,7	426,6	439,2	453,1	467,9

Utgiftsramme tenesteområda:	421,7	426,6	434,8	448,6	463,2
Avsetn. til fond (overskot):	1,0	0	4,4	4,5	4,7

Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Kommuneleva § 44.»

Kommunestyret - 73/2016

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå AP/Anne Grete Eide:

"Økonomiplanen slik den no ligg føre blir tatt til orientering. Kommunestyret vedtar ein endeleg økonomiplan i samband med budsjettet for 2017."

Høringsinnspel frå Mabel Johansen, H vert oversendt administrasjonen.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeiderpartiet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

"Økonomiplanen slik den no ligg føre blir tatt til orientering. Kommunestyret vedtar ein endeleg økonomiplan i samband med budsjettet for 2017."